



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Torgeir Flo, 5557 2146  
Eirik Brynjelsen, 5557 2170  
Åshild Hjørnevik Vatshelle, 55572158  
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136  
Arve Meidell, 5557 2110

## Uttale til oppstart og planprogram - Alver - kommuneplan - arealdel

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.06.2022. Saka gjeld kunngjering av planoppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet for arealdelen av kommuneplanen for Alver kommune.

### Statsforvaltaren sine merknader

Planprogrammet er oversiktleg og lett å lese. Vi vurderer likevel at det er uheldig at sentrale føringar er samla i eit vedlegg heilt bak i planprogrammet. Mange av desse føringane er sentrale for å sette rammer for kommuneplanen, og planprogrammet underkommuniserer slik vi ser det viktige statlege rammer som må ligge til grunn for vurderingar kommunen må gjere. Dette gjeld til dømes bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP), jordvern, strandsone og klima.

### Prosess

Planprogrammet gjer greie for framdrifta i planprosessen, og målet er politisk godkjenning av planen i desember 2023.

Kommunen legger opp til ein intensiv prosess med ganske korte tidsfristar. Det er mykje arbeid som skal gjerast og mange omsyn å ta i ein kommuneplanprosess. Vi gjer merksam på at ein forhasta prosess kan gå utover kvaliteten på planen, og kan føre til meir konflikhtar. Kommunen bør legge opp til ein tett dialog med berørte partar i prosessen. Vi rår også til at kommunen nyttar planforum i god tid før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Det er slik vi ser det uheldig at det vert lagt opp til innspel til arealplanen, samstundes som planen planprogrammet er på høyring. Planprogrammet skal vise rammene for planarbeidet, og å opne for innspel til arealbruk før planprogrammet er vedtatt og dermed før rammene er klare, er uryddig. Mangel på klare kriteria for arealinnspele, kan også gjere handsaminga av innspela meir utfordrande og tidkrevjande.



### Konsekvensutgreiing

Arealdelen til kommuneplanen fastsett framtidig arealbruk innan kommunen sine grenser og for nye tiltak eller ved utviding av tiltak, jf. pbl. §§ 1-6 og 11-6. I planarbeidet skal det gjerast greie for verknader for miljø- og samfunnsinteresser. Når det gjeld endringar av gjeldande arealplanar skal det gjerast ei særskild vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 4-2 og [konsekvensutgreiingsforskrifta](#) (FOR-2017-06-21-854) §§ 6 og 18.

Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader av utbygging i nye områder eller vesentleg endra arealbruk i utbygde områder kan få for miljø og samfunn. I tillegg skal det også gjennomførast ei vurdering av verknaden av dei samla arealbruksendringane som det vert lagt opp til i arealdelen til kommuneplanen. I konsekvensutgreiinga skal det også gjerast greie for kva forhold som skal avklarast og belysast nærare i seinare regulering av områder, jf. pbl. § 11-9 nr. 8 og konsekvensutgreiingsforskrifta § 18.

Konsekvensutgreiinga skal gje ei grunngeving for fastsetjing av verdi, påverknad og konsekvens for relevante klima- og miljøtema. Både positive og negative verknader må framstillast på ein klar måte, slik at det utgjer eit reelt grunnlag for avgjerder om arealbruk. Det er viktig at det også blir gjort greie for planalternativ – «*relevante og realistiske alternativ*» - i høve den samla arealbruken eller for dei aktuelle enkeltområda, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 19 andre ledd. Dersom det blir lagt opp til strategiar for framtidig arealbruk, så skal desse også vurderast for korleis dei kan påverke miljø og samfunn.

I planprogrammet står det at rettleiar T-1493 om konsekvensutgreiing i arealplanlegging skal leggest til grunn i arbeidet. Vi gjer merksam på at denne rettleiaren er frå 2012 og legg til grunn utgått forskrift for konsekvensutgreiing. Rettleiaren må difor nyttast med varsamheit.

Miljødirektoratet har utvikla nytt rettleiingsmateriale for konsekvensutgreiing av klima- og miljøtema, for å sikre at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planprosessen. Vi meiner kommunen må nytte denne i arbeide med kommuneplanen. Rettleiaren frå Miljødirektoratet er tilgjengeleg her: [Konsekvensutredninger for klima og miljø - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

### Biosfæreområde

Biosfæreområdet gir ingen føringar for vern eller formelle restriksjonar, men støtter seg på nasjonal og internasjonal rett, jf. artikkel 2 nummer 3 i «[Statutory Framework](#)» (UNESCO 2020). Biosfæreområde er danna rundt fleire verneområde. Verneområde skal vere kjerneområde i forvaltningsstrategien for biosfæreområda, og difor vil føresegna i naturmangfaldslova vere viktige for forvaltninga av eit modellområde. Det skal takast omsyn til buffersoner rundt verneområde, jf. Artikkel 4 nummer 5 bokstav b i «Statutory Framework» (UNESCO 2020). I strategiplanen for biosfæreområdet skal FNs bærekraftsmål ligge til grunn for arbeidet i modellområdet, og saman med lovverket skal strategien sikre berekraftig areal- og ressursforvaltning. Modellområde skal fungere som ein katalysator for berekraftig næringsutvikling, betre samarbeid i regionen og kunnskapsformidling, og burde vere ein del av føringane for arealdelen til Alver kommune. Vi viser til [Strategi for det norske arbeidet med Unescos Man and the Biosphere programme \(MAB\) 2021-2024](#).

### Klima

Klimalova set mål om at Norge skal vere eit lavutsleppsamfunn i 2050. Klimamål for 2030 er at klimagassane skal reduserast med minst 50 og opp mot 55 % frå utsleppsnivået i referanseåret 1990. Både Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 og Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing legg vekt på at kommunane



igjennom planlegging skal bidra med å redusere utslepp av klimagassar. Arealbruksendringar er viktig i arbeidet for redusere klimagassutslepp.

Slik vi ser det må arealdelen av kommuneplanen ha ei strategi for korleis arealdelen skal brukast for å nå mål om reduksjon av utslepp av klimagassar, og ei vurdering av i kva grad enkeltområda og kommuneplanen som heilskap bidreg i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp. Viktige område er bustad-, areal og transportplanlegging og omdisponering av karbonrikt areal.

### Bustad- areal- og transportplanlegging

Alver kommune har definert Knarvik som region- og kommunesenter, Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet som lokalsenter og Bøvågen og Vikebø som nærsenter. Vi har merka oss at det i kommuneplanprosessen skal definierast vekstsone for kvart senter, og det skal leggst til rette for at hovuddelen av bustadutvikling i delområdet skal skje innanfor lokal vekstsone. Statsforvaltaren vil minne om at veksten (80%), hovudsakleg skal skje i Knarvik. Dette er i samsvar med regional ATP plan. Mål om nullvekst i biltrafikk er viktig for nå klimamåla, og må vektleggast i både vurdering av enkeltområder og i samla vurdering i kommuneplanen. Vi meiner at nullvekstmålet må inn som eit kriterium i «5.3 Vurdering av byggeområder», og det bør kome klart fram i kap. 6 at det skal vurderast i konsekvensutgreiinga. Vi forventar også at kommunen i plankart og føresegn legg til rette for dette, mellom anna ved å vurdere om bustadområde i kommuneplanane er i samsvar med nullvekstmålet, og ta ut bilbaserte bustadområde.

I prinsipp for utvikling av sentra står det at kommunen skal sikre at funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekninga, med unntak av arealkrevjande aktivitetar, til dømes idrett. Statsforvaltaren meiner at idrettsanlegg med fordel kan ligg i sentrum, då det vil vere ein fordel med god kollektiv og kort veg til idrettsanlegg. God plassering av idrettsanlegg kan gjere det lettare for barn- og unge og kome seg til trening og fritidsaktivitetar på eigenhand.

Det kjem ikkje klar fram om kommunen har tenkt å sikre langsiktige grenser mot LNF-område, i arbeidet med senterutstrekning. Vi rår til at kommunen gjer dette.

Samstundes som kommunen signaliserer at ein ønsker hovuddelen av veksten i vekstsonene i dei definerte sentera, er det også eit ønske om å «styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og bustadutvikling i heile kommunen.» Det er uklart for oss kva kommunen meiner er kvalitetane med spreidd bustadbygging, og planprogrammet gir få føringar for dette. Statsforvaltaren er ikkje imot at Alver kommune skal ha levande bygder og grender. For vurdering av kva områder som kan vere aktuelle for LNF-spreidd bustad viser vi til rettleier for «[Planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reidriftsområder \(LNFR-områder\)](#)». Vi gjer merksam på at spreidd busetnad kan vere uheldig for folkehelsa, med tanke på auka einsemd blant barn og unge. Det kan også vere i strid med «[Statlege planretningslinjer for bustad areal og transportplanlegging](#)». I tillegg bør kommunen tenke på at spreidd busetnad er dyrt for kommunen, med tanke på eldreomsorg, skuleskysst og annan infrastruktur.

### Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidningar. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.



### Barn og unge sine interesser

Barn og unge sine interesser skal ivaretaast i planlegging jf. pbl. § 1-1. Planprogrammet legg opp til at ein ved utbygging av større bustadområde i Alver kommune mellom anna skal vektlegge barn og unge sitt oppvekstmiljø, sikre trygg skuleveg, turstiar og samanhengande grønstruktur. Dette er bra, men vi gjer merksam på at vektlegging av barn og unge sine oppvekstmiljø, må vere ein del av vurderingar ved mindre bustadfelt og i LNF-spreidd områder også. Vurderingar kring trygg ferdsel langs veg, nærleik til skule, barnehagar, leike- og uteopphaldsareal, tilgang til areal for fritidsmoglegheiter, friluftsliv og fysisk aktivitet for barn unge, vil vere viktig i alle bustadområde.

Det er viktig at kommunen har god oversikt over areal som er i bruk til eller er eigna for leik. Der ein endrar arealformål for areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna til leik, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#) (FOR-1995- 09-20-4146). Det er også krav om fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av uregulert areal som er i bruk til eller er eigna til leik.

Vi vurderer at kommunen har eit godt opplegg for medverknad, men vil likevel presisere at viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premissar. Plan- og bygningslova §§ 1-1 og 5-1, og [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#) legg føringar for at barn og unge får medverke i utforminga av arealdelen.

Kommunestyret skal også velje eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom og ha eit råd for personar med nedsett funksjonsevne, jf. kommunelova § 5-12. Råda vil kunne gje nyttige innspel i høve barn og unges interesser i kommunen. Sjå gjerne også [retteleiar om barn og unge i plan og byggesak](#) (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2021).

### Universell utforming

I «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*» vert det vist til at kommunane legg universell utforming til grunn i planlegginga av omgjevnader og busetnad. Det bør i større grad konkretiserast i planprogrammet, korleis universell utforming skal følgjast opp i arealdelen til kommuneplanen, og at dette blir drøfta i høve t.d. barn og unge sitt oppvekstmiljø, planlegging for eit aldersvennleg samfunn, folkehelse og eit inkluderande samfunn.

### Friluftsliv

Det er eit nasjonalt miljømål er å sikre og vidareutvikle friluftslivet som ein viktig del av vår nasjonale identitet og kulturarv. Kommunen skal sikre og leggje til rette for gode tur- og rekreasjonsområde gjennom arealplanlegginga. Kommunen må identifisere og ta vare på områda og kontakten mellom desse. Både naturterreng og rekreasjonsterreng i tettstader er viktige.

Planprogrammet har gode føringar for å sikre friluftsområde og nærturterreng. Vi legg til grunn at dette vert følgt opp i vidare arbeid med kommuneplanen.

### Strandsone

Planprogrammet er uklart på føringar i strandsona og korleis ein i kommuneplanen skal vurdere tiltak i strandsona. Vi minner om at det i utgangspunktet er byggeforbod i 100-metersbelte langs sjø jf. pbl. § 1-8. Kommunen kan likevel igjennom planlegging sette ei anna byggegrense mot sjø, og på den måten likevel opne for tiltak i strandsona. [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø](#) setter rammer for korleis strandsona skal forvaltast. Kva utbygging ein kan leggje opp til vil avhenge av kva byggepress det er i områda, og dei konkrete strandsoneverdiane i området. Deler av Alver kommune har stort press på strandsona. I desse områda må kommunen



vere særleg restriktiv med å leggje ut nye byggeområder i strandsona. SPR for strandsona er også klar på at det i kommuneplanprosessen skal vurderast om «*tidligere vedtatte byggeområder i strandsonen, som ikke er utbygd, skal opprettholdes eller tas ut av kommuneplanen.*»

Strandsone bør vere eit punkt i kapittel «5.3 Vurdering av byggeområder», enten som eit eiga punkt eller under punkt om «*konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar*». Det er bra at ein i konsekvensutgreiinga har eit eige punkt på strandsone, her bør ein også vise til SPR for strandsona og til pbl § 1-8 under «kjelder». Det er også viktig at strandsona vert vurdert i samla vurdering i konsekvensutgreiinga.

### Landbruk og utvikling

Alver er den nest største landbrukskommunen i fylket målt i jordbruksareal, med om lag 87.000 dekar (AR5), og er store på mjølkeproduksjon, sauehald, gardsmat og -opplevingar og kulturlandskap. Som nabokommune til Bergen er det i høg grad ein presskommune, men har likevel hatt høvesvis god kontroll på nedbygging av jordbruksareal, og er å rekne som «fylkesmeister» i jordvern, med bakgrunn i avgrensa omdisponering av dyrka mark og utvikling, implementering (og realisering) av metodikk for nytting av jord- og overskotsmassar frå anleggsverksemd til betring og nydyrking av jordbruksareal i relativt stor skala, opptil fleire hundre dekar dei siste åra. I høve Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.22, 2022/7393 *Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming*, tilsvarer Alver sin relative del av nasjonalt jordvernmål ei omdisponering på maksimum 23 daa/år, dersom kommunen skal bidra til å nå det nye, nasjonale målet på maks. 3.000 daa/år innan 2025. Alver har dei siste 7 åra allereie ligge langt under dette, med ei gjennomsnittleg omdisponering på 13 daa/år.

Landbruk og kulturlandskap er ikkje direkte nemnt i hovudmåla frå samfunnsdelen, men all røynsle viser at Alver kommune er sær flinke til å høyre og ta omsyn til landbruksinteresser, og tek ansvar for jordvernet. Landbruket er også nemnt særskilt i medverknadsopplegget, frå oppstart til innspelsperiode, som særskilt tema i planfasen. Kommunen vektlegg også biosfæreområdestatusen sin tungt, noko som kviler tungt på jordbruks- og kulturlandskapet.

I tidlegare uttale til samfunnsdelen av kommuneplanen for Alver peika Statsforvaltaren på at utkastet til KPS var noko passivt og uforpliktande på jordvern, primært fokus på «vanskar med å frådele tomtar på landbrukseigedomar» og «leggje til rette for spreidd busetjing». Sjølv om Alver har svært god kontakt mellom plan- og landbrukskontor i kommunen, vil det verte naudsynt å systematisere arbeidet med jordvernet i større grad enn tidlegare. Det er såleis spesielt positivt at kommunen vil implementere arealrekneskap i planprosessen, for å vege innspel og alternativ m.a. på jordbruksområdet. Dette er for så vidt viktigare enn å setje eit lokalt jordvernmål, sjølv om dette truleg kunne vere den mest konkrete måten å vise omsynet for jordbruksareala på.

Planen seier ikkje noko om den verdien dyrka og dyrkbar jord har utover det å vere viktig for dagens jordbruksnæring og jordvern blir ikkje omtala i planen. Regjeringa ber kommunane føre ei streng jordvernpolitikk i sin arealforvaltning, der jordvernet skal vere eit overordna omsyn i arealforvaltninga. Jf. brevet «Ta vare på matjorda» frå landbruks- og matminister Sandra Borch og kommunal- og distriktsminister Bjørn Arild Gram, datert 23. mars 2022. Matjorda er ein ikkje-fornybar ressurs som må takast vare på for framtidige generasjonar. Verdien til jordbruksareala ligg ikkje berre i verdien av avlinga med dagens drift, men i framtidige behov og produksjonar for kommande generasjonar. Dette er særleg viktig i ei verd med aukande konfliktnivå og klimakrise. Jordvernet påverkar måloppnåinga i fleire av FN's berekraftsmål. I tillegg til å vere grunnlaget for matproduksjon og verdiskaping, er jordbruksareala med på å oppretthalde naturmangfaldet, regulere vatnet sitt kretsløp og binde karbon.



Kommunen går i innleiinga til kap. 5 langt i å skildre eit innspel til kommuneplanen som «eit råd, ein ide eller eit ynskje, og... eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen», som vil verte «vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn». Dette er ei sær s sunn forventningsjustering til innspelsprosessen. Det er viktig at innbyggjarinnspel vert voge opp mot fagleg funderte alternativ, der nasjonal interesser står på spel, som t.d. jordvern. Statsforvaltaren vil igjen vise til den beste rettleiaren i Noreg på bruk av arealrekneskap i KPA-prosessen så langt; *Arealplanlegging på jærsk* frå Rogaland fylkeskommune 8[https://www.rogfk.no/\\_f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder\\_arealstrategi-og-jordvernmål\\_regaland-fylkeskommune\\_november-2021.pdf](https://www.rogfk.no/_f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder_arealstrategi-og-jordvernmål_regaland-fylkeskommune_november-2021.pdf)

Kommunen vil også «vurdere å tilbakeføre areal med ulike byggeføremål (til dømes bustad, næring og fritidsbustad) til landbruk-, natur- og friluftsområde LNF), i dei tilfelle kor det ikkje er mogleg å realisere eller at utbygginga ikkje lenger er i tråd med ønska utvikling, jamfør føringar i kap. 5». Statsforvaltaren vil setje stor pris på om slike endringar vert kvantifisert i det endelege planframlegget, og vurdert i høve nasjonalt jordvernmål og arealreserve av dyrka jord i kommuneplanen totalt sett. KPA vil gjerne rullerast relativt ofte, og det er då viktig at kommunen ikkje held seg med større arealreserver enn det prognosane viser at det er behov for. Ifølgje SSB sin rapport frå 25. januar i år Notat 2022/2 *Arealreserver i kommuneplaner for bolig- og næringsbebyggelse* har norske kommunar i snitt jordbruksareal tilsvarande 30 års jordvernmål i arealreserve i sine kommuneplanar, noko som ikkje burde vore naudsynt i planar med ei varigheit på 4-12 år.

Kommunen har fokus på spreidd bustadbygging i utviklinga av bygder og grender. Dette har Statsforvaltaren forståing for, men ser gjerne at kommunen vel tiltaksområde og -alternativ som unngår bygging på jordbruksareal. Det er også ei føremon om felte vert utforma slik at dei ikkje inkluderer jordbruksareal i det heile, og gir ei mest mogleg eksakt plassering av tomter. Alver har også hatt fokus på «hus nr. 2 eller 3» på garden, både politisk og i KPS. Statsforvaltaren vil minne om at føresetnaden for bustad nr. to på garden er om det er nødvendig med kårbustad av omsyn til drifta eller produksjonen, primært i samband med generasjonsskifte. LNF-føremålet opnar ikkje for bygging av ordinær bustad, til dømes på garden der ein har vakse opp. Sjølv om den som vil bygge bustad ønskjer å bidra i gardsarbeidet, tilseier ikkje det i seg sjølv eit reelt behov for bustad nummer to. Kommunen ønskjer òg å leggje rette for å skilje frå hus frå garden. Hus som er skilt frå garden, kan omsettast på den frie marknaden og bli overtatt av eigarar utan tilknytning til landbruket. Dette fører ofte til konflikhtar og gjer landbruksdrifta meir vanskeleg, då det alltid fører noko støy og lukt med landbruksdrift. Hus nr to (og tre) på garden skulle såleis ikkje vere noko spesielt satsingsområde for bygdeutvikling, men meir enkeltstående, objektive avgjerder, og har såleis avgrensa verdi i ein kommuneplan.

Når det gjeld senterutvikling, så er det slik at om lag halvta av den nasjonale omdisponeringa av jordbruksareal skjer nær og i sentra. Dette medfører at sentrumsnære og innestengde jordbruksareal som må byggast ned må nyttast sær arealeffektivt og på eit slikt vis at det bidreg til god senterutvikling. Ei klår forståing av skiljet mellom «fortetting» og faktisk «utviding» av senter-, bustad- og næringsareal vil vere avgjerande. I tillegg bør ein generelt unngå at utbygging utanom vekstsonar ikkje konkurrerer for mykje med sentrumsutviklinga. Det er verdt å minne om at det oftast er svært godt jordbruksareal som ligg i og nær sentrum, av di senter historisk sett vart lagt der dei beste gardane låg. Inneklemte jordbruksareal kan ha høg verdi som areal til lokal produksjon av frukt-, bær og grønnsaker, parsellhagar, og er viktige for naturmangfald, drenering og rekreasjon. Inneklemte slåttemarkar og beiter kan vere viktige areal for leik og aking når det ikkje er vekstsesong.



For utviklinga av landbruket (og jordvernet) er det positivt at kommunen vurderer tema som «Bruk med potensiale for småskala næringsutvikling knytt til landbruk (arealføremål LNF-spreidd næring)» og «Areal for mottak av masser til forbedring av jordbruksareal». Når det gjeld areal til parsellhagar mm. vil vi særleg påpeike potensiale for bygdenæring på bruk i drift, ved t.d. utparsellering i åker som er meir areal- og driftseffektivt og sikrar inntekt til bruk. Ny bruk under gamle tak er også særst positivt og har eit stort potensiale; marknad, miljø og mengde gamal bygningsmasse og gardsmiljø tatt i betraktning.

#### Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. [plan- og bygningslova](#) (pbl.) § 3-1 bokstavane f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle (areal-)plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Utsette område skal merkast av som omsynssoner i plankartet, jf. pbl. § 11-8, og følgjast opp med tilhøyrande og naudsynte krav i planføresegnene.

Det er viktig at ROS-analysen vert utarbeidd på eit så tidleg stadium av planprosessen at den blir eit reelt og nyttig avgjerdsstøtteverktøy for kommunens styring av den framtidige arealbruken.

[Byggteknisk forskrift \(TEK17\)](#) med rettleiing definerer kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred, medan t.d. DSBs rettleiarar «[Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter](#)» og «[Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer](#)» omhandlar kriteria for akseptabel risiko knytt til verksemdsbasert aktivitet. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko (fastsetje sikkerheitsmål) og både gjere greie for og grunngje dette valet.

Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

På kommuneplannivå er kravet at kartlegginga skal gjerast på aktsemdsnivå i motsetnad til på reguleringsplannivå der kartlegginga skal utførast på farenivå, dvs. fullstendig kartlegging av reell fare og sårbarheit. Det er likevel eitt viktig unntak frå denne regelen. Dersom det skal kunne byggjast ut direkte på bakgrunn av KPA, t.d. i areal sett av til «LNF spreidd» så må ROS-analysen i KPA òg vere på faresonenivå da reell risiko og sårbarheit alltid skal vere heilt og fullt utgreidd på siste plannivå. Det er med andre ord ikkje høve til å utsetje desse vurderingane til ei eventuell framtidig byggjesakshandsaming.

For utfyllande informasjon viser vi m.a. til:

- a) [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#)
- b) [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#)
- c) [Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden](#)

I sistnemnde står det t.d.:

«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar



for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området.  
*Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.»*

Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans.»

Statsforvaltaren vil særleg minne om at Alver kommune har eit **vesentleg innslag av verksemdar med høgt risikopotensiale**, noko som må speglast i arbeidet med ROS-analysen. Til dette kjem òg eventuelle vurderingar av viljestyrte hendingar (t.d. terror og sabotasje).

Statsforvaltaren ønskjer òg å presisere at **både risiko og sårbarheit skal vurderast** og at dette gjeld alle slike forhold inklusive eventuelle endringar som følgje av tiltenkt arealbruk.

Bruk av sjekklister kan vere eit hjelpemiddel i arbeidet, men vil aleine ikkje kunne sjåast på som ein ROS-analyse. Det er òg viktig at ikkje sjekklister verkar avgrensande med tanke på kva som vert vurdert i ROS-analysen. **Elles minner vi om at m.a. metodeskildring, kunnskapsgrunnlag, føresetnader og medverknad skal gå fram av ROS-analysen**, sjå t.d. kap. 3.2 kvalitetskrav til ROS-analysen i DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging».

Vi har den seinare tida dessverre sett fleire døme på at ein av ulike årsaker korkje har identifisert og/eller følgd opp (alle) relevante farar/samfunnstryggleiksutfordringar, noko som tidvis har fått, og framleis vil kunne få store og alvorlege konsekvensar. Med tilvising til forventningane over, er Statsforvaltaren uroleg for at planprogrammet sin omtale av innhaldet i ROS-analysen er for tynn.

Avslutningsvis gjer vi òg merksam på at risiko og sårbarheit generert utanfor eit planområde, men som kan ha innverknad på planområdet òg må takast med i vurderingane. Tilsvarande må òg risiko og sårbarheit generert i eit planområde og som kan få verknader utover planområdet vurderast. I sistnemnde tilfelle bør ein om naudsynt vurdere å utvide planområdet slik at det vert rom for å innarbeide relevante omsynssoner mv. i planen.

#### Naturmangfald

Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål, som mellom anna seier at ein skal redusere øydelegging av habitat og stanse tap av biologisk mangfald. Tap av natur er ikkje berre noko som utspelar seg internasjonalt eller på overordna nivå, men i den enkelte kommune i form av korleis areala blir forvalta. Arealendringar er største årsak til tap av biologisk mangfald, både globalt og nasjonalt/lokalt. Kommuneplanen sin arealdel er ei særskild viktig reiskap i denne samanhengen.

Naturmangfald skal vere premissgjevande for arealplanlegginga. Eit plankart som syner naturmangfaldsverdiane er sentralt i arealforvaltninga, og gjer også kunnskapen lettare tilgjengeleg. I arbeidet med å forvalte naturmangfaldet er det viktig å ha ein landskapsøkologisk tilnærming – tenke funksjon for dei artane og den naturen som er viktig å ta vare på. Korridorar og samanhengar mellom leveområde, buffersoner rundt viktige naturtypar og artsrike område er døme på dette. Grøn infrastruktur er heilt naudsynt å ha med i kommunale planprosessar, og blir stadig meir aktuelt i møte med klimaendringane, der natur både kan bidra til klimagassreduksjon og klimatilpassing (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).



Statsforvaltaren rår til å sikre viktige naturmangfaldsverdiar i kommuneplankartet i form av at viktige naturmangfaldsverdiar sikrast med til dømes «grøne» føremål, omsynssoner og tilhøyrande føresegn, der dette er relevant.

Alver kommune har fått tilskot for å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Det er viktig med ein god kopling mellom KDP for naturmangfald og kommuneplanens arealdel. KDP for naturmangfald skal mellom anna identifisere viktige områder for naturmangfald som bør sikrast i arealdelen til kommuneplanen.

Vi føreset at det blir gjennomført ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, og at vurderinga av arealdelen sine verknader er tilstrekkeleg utgreidd og går fram av det endelege planvedtaket, jf. nml. § 7 og konsekvensutgreiingsforskrifta §§ 17 og 21.

#### Marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane

Sjøareal i kommunen skal vurderast i interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland. Vi vil likevel minne om at verknad av kommuneplanen ikkje kan vere i strid med [«forskrift av vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde»](#).

#### Vassdragsforvaltning

Alver kommune har to verna vassdrag i kommunen, Rylandsvassdraget og Eikefetvassdraget. Vi føreset at [«Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag»](#) (RPR, FOR-1994-11-10-1001) blir lagt til grunn i arbeidet med arealdelen. Rikspolitiske retningslinjer viser til at det skal vurderast om planar har verknader for vassdraget sine verneverdiar, jf. punkt 1 og 2 i nemnde RPR. Vi føreset at det blir satt byggjegranser mot verna vassdrag i framlegg til føresegner, og at ein tek omsyn til dette i samband med arealføremåla i plankartet, jf. punkt 4 i RPR for verna vassdrag.

#### Vassressursar

Endra arealbruk langs vassdrag og tilrettelegging for nye tiltak i nedbørfeltet, eller tilrettelegging for arealdisponeringar, t.d. utfyllingar, i sjø og vassdrag kan ha påverknad på vassmiljøkvaliteten. Vi føreset at verknaden for nasjonalt fastsette miljømål for vassressursane blir gjort greie for i konsekvensutgreiinga, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 og vassforskrifta (FOR-2006-12-15-1446). Vassforskrifta § 12 skal vurderast dersom det blir fatta enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst, og som kan medføre at miljømåla ikkje blir nådd eller at tilstanden blir forringa. Sjå nærare om dette temaet i Miljødirektoratet sin rettleiar om vassmiljø i arealplanlegginga: [Vannmiljø - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

Vi føreset at det blir utarbeidd føresegner med breidde for kantvegetasjon og byggjegranser langs vassdrag for å ivareta naturmangfald, landskap, kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Naturtypelokalitetar, raudlisteartar og vassdrag inkludert eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte skal takast omsyn til ved framtidig planlegging. Planprogrammet bør leggje til grunn at kunnskap om slike viktige naturverdiar skal oppdaterast og vidareutviklast, for å kunne gi grunnlag for berekraftig økologisk utvikling. Vi føreset at dette blir tatt omsyn til i konsekvensutgreiinga og i utforminga av føresegner. Bevaring av kantvegetasjon mot vassdraga er eit viktig omsyn i kommunal planlegging, jf. vassressurslova § 11. Sjå også NVE sin rettleiar nr. 2/2019 [«Kantvegetasjon langs vassdrag»](#).

Arealforvaltninga rundt Mjåtveitelva, med kritisk trua elvemusling bør vere eit tema i kommuneplanen, og må knytast opp mot tiltaksplanen for Mjåtveitelva som er under utarbeiding.



Vernesone for kantvegetasjonen på 15 m på begge sider av vassdraget må vidareførast. Kommunen bør òg vurdere ei vernesone for andre vassdrag i Alver kommune.

Vi viser også til Lakse- og innlandsfiskelova § 7. Omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av det økologiske funksjonsområdet for fisk og andre ferskvassorganismar skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova.

Under nasjonale føringar i vedlegg 2 i planprogrammet, manglar både Vassressurslova og Lakse- og innlandsfiskelova, som nasjonale lover som legg føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

### Forureining

Det er utforma ei eigen retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging for å førebyggje mot helseeffektar av luftforureining gjennom arealplanlegginga, jf. T-1520/2012. Kommunen må vurdere nærare om det er behov for luftsonekart som temakart i samband med kommuneplanen. Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiar til retningslinje T-1520, som er tilgjengeleg her: [Luftkvalitet i arealplanlegging - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/tema/luftkvalitet-i-arealplanlegging)

I databasen «Grunnforurensning» er det registrert fleire område med «forureina grunn» i Alver kommune. Dersom det blir vurdert ny eller endra arealbruk i samband med stader der det er registrert anten nedlagte deponi eller annan forureina grunn, så føreset vi at dette blir tema for konsekvensutgreiinga, og at det blir grundig vurdert om arealet er eigna. Vi viser mellom anna til rettleiar M-1780/2020 frå Miljødirektoratet om [«Bygging på nedlagte deponier: Veiledning om regelverk og kva som bør vektlegges ved bygging på, og i randsonen til, nedlagte deponier»](#)

### Støy

Støy er definert som forureining i forureiningslova, og er eit miljøproblem som rammar mange. Støyplager kan føre til mistrivnad, dårleg søvn og dårleg helse. Uforstyrta søvn er ein føresetnad for god fysiologisk og mental helse. Fråvær av støy er òg ein føresetnad for at kulturmiljø, friluftsliv- og rekreasjonsområde skal ha full verdi.

Vi viser til støyretningslinjene [T-1442/2021](#). Her står det mellom anna at det i kommuneplanen skal avklarast kva område som eignar seg for nye støyfølsame bygg, og kva område som ikkje er eigna for dette. Utbygging av nye bygg for støyfølsam bruk i raud støysone bør ikkje tillatast utanfor prioriterte sentrums- og utviklingsområde. Støysoner skal vere synleggjort i kommuneplanen, og det bør takast inn føresegn i kommuneplanen for å gjere anbefalingar i retningslinjene juridisk bindande.

Vi kan ikkje sjå at støy er eit tema i planprogrammet, det bør det vere. Støy må vere eit tema i konsekvensutgreiinga. Her er det særleg viktig at ny arealbruk ikkje føre til uheldig samlokalisering. Det kan vere naudsynt med kunnskapsinnhenting i samband med fastsetting om omsynssoner i kommuneplanen. Det bør også gjerast vurderingar om ein skal sikre stille områder i kommune, og det må avklarast arealbruk i gul og raud støysone. I T-1442/2021 står det mellom anna :

*«Kommunen skal ved oppstart av arbeidet med kommuneplanen ta kontakt med eiere av støyende anlegg og virksomheter for å få utarbeidet og oversendt støysonekart. Kommunen bør sammenstille disse kartene til et oversiktskart for alle støykilder. Støysonekart skal følge med kommuneplanen på høring, og bør gjøres tilgjengelig i en kartinnsynsløsning. Støysonekartet skal vise soneinndelingen som angitt i tabell 1 med gule og røde støysoner. Der det er gjort kartlegging av stille områder som angitt i tabell 3 bør dette også synliggjøres.»*



## Massar



Massar kan vere ein resurs eller eit problem. Masshandtering bør vere eit tema i kommuneplanen. Om kommunen ikkje har oversikt over om det er overskot av massar eller behov for masser, må dette vurderast i kommuneplanen. Følgjande av massehandtering må vere ein del av vurderingane i konsekvensutgreiinga. Vi føreset at ein i konsekvensutgreiingsarbeidet føretek ei berekraftig tilnærming til spørsmålet om masselagring, og at det er fokus på gjenbruk og resirkulering av overskotsmassar frå prosjekt som kommunen kjenner til. Kommunens overordna prinsipp for massehandtering, bør vere i samsvar med avfallspyramiden. Det er bra at kommunen

ønsker forslag til areal for mottak av massar for forbedring av landbruksjord. Det bør også vurderast om det er behov for areal for mellomlager/ressursbankar og deponi. Kommuneplanen bør også ha føringar for korleis overskotsmassar skal handterast i reguleringsplanar.

For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Statsforvaltaren difor gjerne på møte saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg i planprosessen. Vi ønskjer dykk lukke til vidare i planarbeidet og vil vere opne for ein vidare dialog, i planforum eller eigne temamøte, dersom kommunen ønskjer det.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Statens vegvesen Region vest  
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua  
Postboks 43  
Postboks 7900

0301 OSLO  
6861 LEIKANGER  
5020 BERGEN